

## SVEIO KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

Tysdag **10. februar 2015** blei det halde møte i Sveio kontrollutval under leing av utvalsleiar Håkon J. Skimmeland.

|                                  |   |
|----------------------------------|---|
| <b>MØTESTAD:</b>                 | Kommunestyresalen, Sveio kommunehus   |
| <b>MØTESTART/-SLUTT:</b>         | kl.18.00 – kl. 20.00  |
| <b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>        | Håkon J. Skimmeland (Ap), Tor Røkenes (V) og Andreas Bårtvedt (H)                                       |
| <b>MØTANDE VARAMEDLEMMER:</b>    | Bjørnar Økland (MDG/SV)   |
| <b>FORFALL:</b>                  | Oddbjørg Hovland (MDG/SV), Kristi Henden Tveitaskog (Sp) og vara: Lars Vierdal (Sp)                     |
| <b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>  | Dagleg leiar/utvalssekretær Toril Hallsjø, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS                     |
| <b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>     | Forvaltningsrevisorane Ingvill Strand og Lene Davik Fjørtoft, KPMG AS, Bergen i sak 3/15 (til kl.19.30) |
| <b>ANDRE SOM MØTTE:</b>          | Ingen   |
| <b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b> | Ingen   |
| <b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>   | Utvalet valde å handsame sak 3/15 som fyrste sak, deretter blei sakslista fylgt                         |

### **FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:**

#### **SAK 1/15 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.11.15**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 25.11.14 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 10.02.15:**

Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.15:**

*Protokollen frå møte i kontrollutvalet 25.11.14 blir godkjent slik han føre.*

## **SAK 2/15 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.02.15**

1. e-info 15/1 – redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
2. Om Deloitte's rapport om evaluering av kontrollutvalg og kontrollutvalgssekretariatene
3. Om skatteinntektene 2014 generelt og på landsbasis
4. Årsrapport og skatterekneskap 2014 - skatteoppkrevjaren i Sveio kommune
5. Bernt svarer: «Åpne styremøte i kommunale foretak må gjøres kjent»
6. Rekneskapstall 2014 – ansvarsområde 1010 – kontroll og revisjon – funksjon 1100
7. Statusoversikt februar 2015

### **Handsaming i kontrollutvalet 10.02.15:**

Leiar og sekretær gjekk gjennom sakene. Ingen spesielle merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.15:**

*Kontrollutvalet tar referatsakene 1 - 7 til orientering.*

## **SAK 3/14 UTKAST TIL PROSJEKTMANDAT – FORVALTNINGSREVISJONS-PROSJEKT «SAKSHANDSAMING, SERVICE OG HALDNINGER**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sakshandsaming, service og haldningar» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre/ evt. med desse endringane:

Ramma vert sett til 200 timar.

### **Handsaming i kontrollutvalet 10.02.15:**

Revisorane Fjørtoft og Strand frå KPMG gjekk gjennom utkast til prosjektmandat. Utvalet drøfta problemstillingane og metode. Det var lagt fram fire problemstillingar, kor to av dei var generelle og to meir spissa mot servicekontoret og tidsfrist. Utvalsleiar var oppteken av at også arbeidsmiljøfaktorar kan virke inn og ønskte at dei som var sakshandsamarar blei spurt om utfordringar, meir enn kva leiinga meinte.

Revisor gjorde framlegg om å komme med nytt framlegg til problemstilling 3 og at avgrensinga berre kunne gjelde mot problemstilling 4. Dei ville då gå breiare ut mot sakshandsamarane i alle rammeområda i problemstilling 3, og så spisse seg noko inn mot område og årsakar i 3 b, avhengig av kva som blei identifisert.

Utvalet slutta seg til framlegget og gav utvalsleiar fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan i samsvar med ovannemnde tillegg til endringar.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.15:**

*Sveio kontrollutval bestiller forvaltningsrevisjonsprosjektet «Sakshandsaming, service og haldningar» i tråd med det utkastet til prosjektplan som ligg føre og dei innspel som kom fram i møtet.*

*Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenne endeleg prosjektplan.*

*Ramma vert sett til 200 timar.*

## **SAK 4/15 KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING 2014**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2014.

Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2014 til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 10.02.15:**

Utvalet hadde ingen merknader til utkastet.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.02.15:**

*Kontrollutvalet i Sveio godkjenner årsmelding for 2014.*

### **og innstilling til kommunestyret:**

*Sveio kommunestyre tek kontrollutvalet si årsmelding 2014 til orientering.*

## **EVENTUELT**

### Neste møte

Neste møte er sett til **28. april** kl. 18.00. Handsaming av årsrekneskapen vil stå i fokus. .

Vidare handsaming vil vere formannskapet 27. mai eller 1. juni og kommunestyret 15. juni.

Sveio/Aksdal, 10. februar 2015

Håkon J. Skimmeland  
kontrollutvalsleiar (sign.)

Toril Hallsjø  
utvalssekretær